


Reglement for Administrasjonsutvalet



Bø kommune

Vedteke 12.09.16 i kommunestyret– sak nr 82/16

Delegeringsreglement:

1. Heimelsgrunnlag for Administrasjonsutval:

Kommunelova §25 Partssammensatte utvalg – administrasjonsutvalg

2. Mandat:

Jf. Kommunelova §25.1, skal utvalet arbeida med dei saker som kommunestyret bestemmer. I tillegg kan utvalt sjølv ta opp saker innanfor sitt ansvarsområde og få dei utgreia.

Jf. Kommunelova §10.2, vedtek kommunestyret at Administrasjonsutvalet skal har rett til å innstille i saker som gjeld utvalet sitt ansvarsområde og som skal avgjerast av kommunestyret.

3. Delegering til Administrasjonsutvalet etter Kommunelova §10.2:

Utvalet vert delegert mynde til å avgjere i alle saker som ligg innanfor utvalet sitt arbeidsområde, og i saker som ikkje skal avgjerast av kommunestyret, og/eller som ikkje er delegert til formannskapet, anna fast utval eller til rådmannen.

Utvalet avgjer tvistesporsmål om tolking og praktisering av avtalar og reglement som gjeld arbeidstakarane sine arbeidsvilkår.

4. Arbeidsområde, jf. kommunelova §25 og HTA Del B §4:

Utvalet sitt arbeidsområde skal være prinsipielle og overordna saker som gjeld tilhøvet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette. Dette er:

- Arbeidsgjevarpolitikk
- Personalpolitiske retningsliner
- Organisatoriske saker
- Tertialrapport eller tilsvarande, med HMS, økonomi og status i høve til mål og resultat.
- Nærversarbeid/sjukefråvær
- Budsjett
- Lønspolitikk
- Tilhøve mellom arbeidstakarorganisasjonane og arbeidsgjevar
- Andre overordna reglement og retningsliner

5. Referatsaker og delegeringssaker:

Saker som er sluttbehandla i AMU eller som er delegert til rådmannen, men som har generell betydning for dei tilsett, skal refereras i utvalet.

Reglement for Administrasjonsutvalet:

1. Samansetning, jf. kommunestyrevedtak nr. 77/15, av 7.9.15.

1.1 Fire arbeidsgjevarrepresentantar utgått frå formannskapet.

- Ordførar - leiar av utvalet
- Varaordførar - nestleiar
- Ein frå opposisjonen
- Ein som vert vald fritt

1.2 Tre arbeidstakarrepresentantar som vert vald etter reglane i HA Del B §4

1.3 Lokale fagorganisasjonar som ikkje er representert i utvalet har anledning til å delta med fast observatør med møte og talerett.

1.4 Rådmann og personalsjef har møteplikt og talerett i utvalet. Kommunalsjef Stab er sekretær for utvalet.

2. Valperiode:

2.1 Arbeidsgjevarrepresentantane vert vald for fire år og følgjer kommunestyreperioden.

2.2 Arbeidstakarrepresentantane vert vald for to år.

3. Møtefrekvens:

Det skal vera minst 4 faste møte i utvalet i året.
Møta leggas i etterkant av AMU-møta.

4. Offentleggjing:

Møte og sakspapir er offentlege viss ikkje anna blir bestemt, og vert publisert på kommunen si heimeside.

Dei saker eller dokument som med heimel i lov skal unntakas får offentliggjerings, og/eller som leiar av utvalet finn ikkje bør offentliggjerast, vert ikkje publisert.

Møta i utvalet er opne for alle viss ikkje anna blir bestemt som følgje av teieplikt, eller utvalet sjølv gjer vedtak om å lukke møte for enkeltsaker i medhald av lov. Spørsmål om lukking kan behandlas for stengde dører eller gjennom vedtak.

5. Saksbehandling mm.:

For saksbehandling til utvalet, møteleiing, forfall osv., gjeld dei generelle reglane i Kommunelova kap. 6 og Reglement for kommunestyre, formannskap og hovudutval for Bø kommune, vedteke av kommunestyre i sak 47/15, så langt det passar.

6. Reglementet:

Reglementet for Administrasjonsutvalet skal vedtakas av kommunestyret, og kan bare endras av dette.